


KONTAKTBLAD FOR

Nr.41 Des. 2008 19.årg.

HJARTDAL HISTORIELAG



Hovudsaka:

***Ei nyoppdaga
samling med
gamle bilde!***

Mattis Omnes lagra
bildesamlinga si i
buret, men i haust
kom denne for ein
dag

Åpent hus - Hjartdal historielag

Hjartdal folkebibliotek på Saulandtunet har opningstid m.a. på torsdag frå 14.00 til 19.00. dette er eit tilbod mange fleire burde nytte seg av.

Hjartdal historielag bruker andreetasjen til møter, og har eit par skap der med si samling av historiestoff.

På nyåret vil vi ha åpent hus der utover nokre torsdagskveldar for medlemmer i historielaget og andre interesserte. Vi legg ikkje opp til noko bestemt program, sjølv om det gjerne kan komme noko på sparket. Det som er meininga er at ein kan sitje å prate, bla i bøker og hefter, sjå på bilder og produsere idear.

Kopiering og scanning av materiale bør også kunne gjerast, slik at ein kan få med seg heim kopiar av bilde eller anna interessant frå samlinga.

Som tidlegare nemnt er det også behov for rydding og ordning i samlinga. Dette kan gjerne tas fatt i ved desse anledningane. Styremedlemmer eller andre aktive medlemmer vil vere tilstades kvar gong frå om lag klokka 18.00.

Datoar:

Utanom januar så satsar vi på første torsdagen i månaden, til og med april.

Torsdag 15.januar
Torsdag 5.februar
Torsdag 5.mars
Torsdag 2 april

Vel møtt - og sei frå til alle som kan ha interesse!

Ei fotosamling av høg kvalitet kom endeleg for ein dag

Nokre historielagsmedlemmer og andre interesserte i su-bygda i Sauland har i haust bladd i ei samling fotografi som få nålevande personar har sett før.

Under rydding i eit bur på Ned-Omnes oppdaga Liv Tinnes-Mork ei trekasse full av nokre små pappaskar. Desse viste seg å innehalde over hundre fotografiske glasplater, altså negative bilde av typen som ikkje er brukt sidan alle første del av 1900-talet. Lars Slaattun og Eilev Deilkås såg nærmare på platene og Lars sette seg i sving med å få desse framkalla. Det blei gjort ganske snart av Leif Skoje som køyrdde platene i ein skanner, og etterkvart sto det fram positive utgaver av bilda - eit variert utvalg av motiv.

Hovuddelen av dette bladet er eksempel på desse bilda.

Mattis Omnes

Vi må gå utifrå at det er Mattis Omnes som er fotografen.

I Hjartdalsoga II Gard og ætt i Sauland les vi:

"8) **Aslaug Matiasdtr. Omnes**, f 1866 d 1948 her gm **Ambros O. Tinnes**, eigar 1892-1945, brukar frå 1889, f 1865 på **Søndre Seljord, Heddal** d 1946 på Omnes. Born: I Mattis f 1889,

sjå 9). 2 Anlaug f 1890 d 1974 g 1919 m **Olav Tinnes Mork**. **Sønene deira tok over Ned-Omnes**, sjå 10) og 11). 3 Olav f 1892 d 1969, til **Gvannes i Sauherad**, død ugift. 4 Gunleik f 1896 d 1919, ugift, utdanna seg til sivilingeniør. 5 Ragnhild f 1900 d 1941 ugift, budde på Omnes.

Aslaug og Ambros moderniserte både garden og drifta. Dei sette opp nye uthus og bygde ny sommarstove, og ikring århundreskiftet la dei inn springvatn, og fekk treskemaskin, slåmaskin og separator. Frå 1910 leverte dei mjølka til ysteriet i Sauland. Dei åtte garden Gvannes i Sauherad, og var der med dyra om sommaren. Gvannes kom i ætta ved skifte i 1863, og Ambros arva Gvannes etter foreldra i 1887.

Mattis tok over garden Omnes.

*9) **Mattis A. Omnes**, eigar og brukar 1945-58, f 1889 d 1958 ugift.*

Han dreiv garden med forpaktarar frå 1940-åra, men var ein aktiv skogbrukar. I Mattis Omnes si tid hadde garden 68 dekar innmark og 2772 dekar produktiv skog.

Hans Listul og huslyden hans


var forpaktarar og budde i sommarstugo i 10-15 år.

Odelsguten Mattis satsa altså ikkje på landbruket, men levde av skogen og utelege av garden. Vi som er litt oppi åra hugsar at han køyrde brun-beige Pobeda på 50-talet, og var ein mann med vide interesser, kanskje burde han ha gjort som broren og satsa på høgare utdanning, men slikt var ikkje nokon sjølvsagt ting den gongen. Naboen, Sverre Hannestad, uttalde ein gong at ”Mattis Omnes, han skulle vært vitenskapsmann han...”

Medan foreldra dreiv garden, tok ungguten altså bilder. Eit lite hus nær tunet var bygd over ein bekk og blei brukt til kjølerom for mjølka. Her hadde han også inreidd mørkerom slik at han sjølv kunne framkalle bilda. Slikt kravde nok meir teknisk innsikt den gongen enn nå. Eit par av bilda har vi også sett før. I alle fall bildet av Fossheim-butikken ved Omnesfossen. Dette bestilte han 500 eksemplar av og gav ut som postkort. Kanskje var det dermed litt å tene på hobbyen også.

Motiva

Folk og landskap rundt Omnesgardane dominerer sjølvsagt i samlinga. Det er også mange portrett, ofte svært gode, av folk vi dessverre ikkje kan identifisere i dag. Men mykje av gardsmiljøet kjem fram i bilder



der vi ser folk i arbeid og kvile uavhengig av kven dei måtte vere. Idrett og ungdomslagsarbeid blir dokumentert. Omnesfossområdet er eit sentrum i bygda med mølle, bru og butikk.

Mattis har også hatt med seg fotoutstyr utanbygds. På dampbåten på Heddalsvatnet, truleg på veg til Gvannes i Sauherad eller kanskje bytur til Skien. På eit bilde er det ei mengd demonstrerande Notoddingar, særleg kvinner, som fyller Storgata, truleg ein 1. mai.

Sjå på bildene og tekstane, vi er interesserte i utfyllande opplysningar frå dei som trur dei ser kjende ting i bilda.

Resten av bilda er å sjå på historielagskveldane på nyåret.



Er det Landsverklia som her blir preparert ved beintråkking, eller er det publikum som er på veg bort etter rennet?

Landsverklia var av dei store bakkane i Telemark med hopp på over 60 meter. Offisiell ståande bakkerrekord var på 59 meter.



Frå tunet på Ned-Omnes. Det er nok tenestejentene som unner seg ei pause i arbeidet. Bak huset i bakgrunnen sto huset der Mattis hadde fotolaboratorium.



*Omnesfossen sett frå ein litt uvanleg vinkel, - mot aust (sudover)
Brua blei flytt før 1936 til Skårneshrenda.*



*Inne i ei mølle. Kan dette vere i Klevbergholet? Der sto eit
kvernhus som låg ved den øvste Omnesfossen og forsvann i
storflaumen i 1927.*



Fotballkamp, lagoppstilling og ein del publikum om lag der kommunehuset er nå. Til høgre: Johannes (sjåfør) Åmot og Andres Timdal (meir kjend som skiløpar), Den høge i midten er truleg Kristian Åmot.

Merking av gamle ferdssvegar

Historielaget har i år rydda og merka den gamle stulsvegen frå sørbygda i Sauland gjennom Slettfjell til Slåkja. Merkinga startar ved Kringlemyr under Himing, dit det gjeng bilveg. Fyrste delen, frå Steingildra i Fossegrenda til Kringlemyr, vil bli merka til våren.

Det vil da bli ein fin turveg gjennom nordste delen av Lifjell på i alt om lag 15 km. Stien kryssar bilvegen ved Mjellefet, og dit er det ca 12 km.

Turvegen vil også bli lagt inn på nytt Saulandskart som historielaget står bak, og som kjem neste år.

Også den gamle Tuddalsvegen, frå Kasin ovanfor Øvstebø og til plassane på Tuddalsdalen, er rydda i år, ein strekning på om lag 4 km . Dette er fyrste del av den gamle bilvegen, som blei bruka fram til i 40-åra da han blei lagt slik han gjeng i dag.

Historielaget vil prøve å rydde og merke fleire stiar og ferdssvegar i kommunen til neste år. Dess fleire som er med, dess meire blir gjort. Dei som er interesserte i å vere med på slik dugnad og/eller har forslag til nye rydningsprosjekt, kan derfor melde frå til ein i styret.



Sentrale personar i oppmerkinga av Slåkavegen: Ole E.Næssen og Øyvind Fosse - ved Johannes Fosses "lyftesteinar" på Jønnbuberga

Tur langs Åsvegen



Sundag 8.juni arrangerte historielaget tur langs den gamle ferdelsvegen frå Løndal i Tuddal til Tåterhus i Sauland med omlag 50 deltakarar og med Ole Eivind Næssen som turleiar. Været var strålande, og turen tok med innlagte pauser ca. 5 timer, Eldste deltakar var Eilev Deilkås på 86 år. Han og kona Gunhild var lokalkjende etter elgjakt i området gjennom 50 år, og hadde mange historiar å fortelle.

Vegen er rydda og godt merka med både måling og skilt og kan gåast både frå Løndal og Tåterhus, men litt lettare terreng med start frå Løndal.

I kontaktblad nr.40 som kom i fjor, kan du lesa mykje meir om denne vegen. Det kan du også gjere i nyaste boka til Ivar Dahl. (Lesebok for deg og meg).

Bildet viser rast ved Mannbeintjønna.

NYTT TURKART OVER SAULAND

Dei siste åra er det laga gode kart over både Hjartdal og Tuddal, men ikkje over Sauland. Det ynskjer Historielaget å gjere noko med, derfor gjev det til neste år ut eit samla kart over Sauland.

Mange stadnamn står i dag i fare for å gå tapt. Eit hovudformål med kartet er derfor å få med så mange namn som praktisk mogleg, få dei rett plassert og med skrivemåte basert på lokal dialekt. Det er derfor lagt mykje arbeid i

innsamling av namn med grunneigarar, jegerar og andre kjentfolk som kjelder. I tillegg har fleire skuleuppgaver om lokale stadnamn vore til god hjelp. Det står fortsatt att ein del arbeid, først og fremst å tegne inn merka stiar og ferdsselsvegar med GPS. Det må nå vente til våren.

Kartet blir laga i samarbeid med firmaet Anders Fossøy.

Under ei ”befaring” knipsa vi eit bilde av dei solide tuftene på



plassen Enggravslia under Heksfjell.

Frå Hjartdalssoga 2:

2) Tarald Nilson Engravslia, brukar frå ca 1860, f 1835 gm Tone Jonsdtr. f 1835. Born: 1 Anne f 1859. 2 Jon f 1866, sjå 3). 3 Hans f 1868 gm Anne Andresdtr., budde i Heivassdokka u/Krosshus i 1890-åra, var seinare i Skrømtet, dinest på Notodden og kom til sist til Vest-Moen, Hjartdal. 4 Ingebjørg f 1872. 5 Tone f 1875. 6 Margit f 1878. 7 Halvor f 1883 d 1966 i Glendon, Alberta, Canada gm Tone Kruserud, Hjartdal, dei hadde borna Halvor, Søren, Anne og Johannes. Halvor og huslyden budde mange plassar, m.a. i Skrømtet, så Moen u/Nord-Mosebø. Dei var på Tinnesmoen, Notodden, seinare dreiv dei Åsen i ytre Hjartdal nokre år. Innimellan dreiv Halvor som tømmermann, og sette opp hus i Hjartdal, m.a. ungdomshuset Bergtun. I 1926 braut dei over tvert og emigrerte til Canada, der dei etter kvart fekk eigen farm. Halvor bygde ei lita kyrkje; "...utpå viddene i det

veldige Canada - det må vel vera noko til minne over Saulandsk og norsk tømmermannskunst!" skriv Halvor Sisjord.

Både Tarald og sonen Jon var heskjeleg sterke. Både bar 100 kilos mjølsekker frå butikken og opp dei bratte kleivene. Både far og son var fiskarar. Tarald kalla seg husmann og fiskar i f.t. 1891. Han hadde muntleg avtale med Sveinung Bergen om at han kunne fiske i Slåkjavatn. Tarald dreiv jamt, og hadde god attåtnæring av fisket.

Tarald blei skambiten av bjørn som gutunge, da han var ved Mjella og fiska. Det byrja regne, og Tarald redda seg under ei svær kvistegran. Der var det bjørn. Det var ei binne med ungar, og Tarald og binna kappsprang uppover Bekkestuldalen til Bekkestulbrua. Med det same Tarald kasta seg over gjerdet hogg bjørnen tak i buksebaken. Tarald gådde ikkje han var biten før han kom til gardestaden heime. Han hadde merkje etter bjørnekloa resten av si tid, heitte det.




Enda eit bilde etter Mattis Omnes. Ein folketalar bak lauvverket, kanskje ved eit ungdomslagsstemne, på jordet nær Leinehaug.

Styret 2008:

Desse har vore styret for Hjartdal historielag
etter årsmøtet våren 2008:

Torkel Hytta Formann
Brit Ingjerd Hjartsjø Sekretær
Svein Bakkalia Kasserar
Øystein Åsen Styremedlem
Geir Brukås Styremedlem
Torunn Greiner Styremedlem



HJARTDAL HISTORIELAG

Formann: Torkel Hytta, 3692 SAULAND
Tlf.: 35023150 to-hy@online.no

Kontaktblad- og web-redaktør: Leif Skoje, 3692 SAULAND
Tlf.: 48237883 skoje@online.no

Internett/web-adresse: <http://www.hjartdalhistorielag.no>
Bank: Hjartdal og Gransherad sparebank: Konto: 2699 07 04332

*Bladet blir sendt alle medlemmer
Bruk gjerne stoff frå bladet, men oppgi kjelde
Vi vil gjerne at medlemmene skriv i bladet*